

PROTOKOLL

FRÅ FØRETAKSMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

Onsdag 20. mai 2020 kl. 13.55 blei det halde føretaksmøte per telefon i Sjukehusapoteka Vest HF.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Godkjenning av dagsorden
3. Årleg melding
4. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding
5. Godkjenning av godtgjersle til revisor
6. Beredskapslager for legemiddel

Frå Helse Vest RHF møte: Einar Strømsvåg, styreleiar

Frå styret møte: Trude Marit Risnes, styreleiar
Helle Schøyen

Frå administrasjonen møte: administrerande direktør Jon Bolstad

Også tilstades: Inger Cathrine Bryne, administrerande direktør Helse Vest RHF
Ivar Eriksen, eigardirektør Helse Vest RHF

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med helseføretakslova og riksrevisjonslova.

Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding

Føretaksmøtet skal etter helseføretakslova § 43 andre ledd godkjenne årsrekneskap og årsmelding.

Styret i Sjukehusapoteka Vest HF godkjente i styremøte 12.03.2020, sak 04/20 årsmelding og årsrekneskap for 2019.

I tråd med føretaket sine vedtekter § 15, med tilvising til allmennaksjeloven § 6-16a, har styret utarbeidd ei erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjering til dagleg leiar og andre leiande tilsette. Erklæringa er tatt inn i note 6 til årsrekneskapen for Sjukehusapoteka Vest HF.

Årsrekneskap og årsmelding for 2019 er vidaresendt føretaksmøte for endeleg godkjenning.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2019.

Sak 5 Godkjenning av godtgjersle til revisor

Føretaksmøtet skal etter helseføretakslova § 44 andre ledd godkjenne godtgjersle til revisor.

Godtgjersle til revisor for revisjon etter lova er satt til kr. 80.000,-, jf. note 6 til rekneskapen.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner godtgjersle til ekstern revisor for ordinær revisjon for 2019 på kr. 80.000,-.

Sak 6 Beredskapslager for legemiddel

Regjeringa har vedteke at det skal etablerast beredskapslagring av forsyningskritiske legemiddel i lys av Covid-19. Det skal etablerast to nivå av beredskapslagring av legemiddel; nivå 1 og 2.

Nivå 1 omfattar tre til seks månaders forbruk av dei 50 mest forsyningskritiske legemidla ("50-lista") for primærhelsetenesta, tre månaders forbruk av legemiddel på Covid-19-lista for 800 intensivpasientar i spesialisthelsetenesta og H-reseptlegemiddel tilsvarande åtte vekers forbruk. Oppdrag om å bygge opp nivå 1 er gitt til Helsedirektoratet, og Helsedirektoratet har gitt deler av oppdraget vidare til dei regionale helseføretaka ved Helse Sør-Øst RHF (beredskapslager for legemiddel på Covid-19-lista og H-reseptlegemiddel).

Nivå 2 inneber at det samla skal byggast opp eit lager i Noreg av seks månaders forbruk av eit utval av særskilt prioriterte legemiddel i spesialisthelsetenesta og ei noko utvida 50-liste for primærhelsetenesta. Helsedirektoratet har fått i oppdrag å vurdere om det i lys av

Målet er at lager for legemiddel som er omfatta av nivå 2 skal vere ferdig oppbygde innan 15. juli 2020. Det skal leggjast vekt på å kjøpe inn legemiddel som er godkjende i EU/EØS, framfor å handle direkte frå leverandørar med ukjent legemiddel for å nå fristen.

Føretaksmøtet vedtok:

Sjuehusapoteka Vest HF skal

- leie arbeidet med etablere eit beredskapslager for legemiddel på nivå 2 for primær- og spesialisthelsetenesta, irekna å gjennomføre innkjøp, sikre lagerhald og forvalte eigarskapet til legemidla i beredskapslageret. Sykehusinnkjøp HF sin kompetanse skal nyttast i dette arbeidet. Ramma for innkjøp av legemiddel på nivå 2, lagerhald og tilknytte kostnader er 1 mrd. kroner. Innkjøp av råvarer til legemiddelproduksjon kjem i tillegg. Det vert lagt til grunn at det skal sikrast ei formålstenleg involvering av representantar frå kommunane.
- leie arbeidet som sikrar at innkjøp av råvarer til nasjonal legemiddelproduksjon av kritiske legemiddel blir ivareteke.
- sørge for at strukturar, oppgåver og bidrag frå ulike aktørar som er nødvendige for å realisere oppdraget blir beskrive i eit forprosjekt snarast og seinast innan 29. mai 2020.
- leie arbeidet med å etablere eit slikt beredskapslager innan 15. juli 2020.
- rapportere til Helse Vest RHF på innkjøp, lageroppbygging mv. etter nærare avtale med Helse Vest RHF.
- gi ein endeleg rapport etter at etableringa av beredskapslageret er ferdigstilt.

_____, den _____

Trude Marit Risnes

Stavanger, den *20/5 2020*

Einar Strømsvåg
Einar Strømsvåg